

Lindås kommune  
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk, Eigedom  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

## Stort behov for vedlikehold av friidrettsbana/grusbana på Ostereidet

**Idrettsbana på Ostereidet, grusbana som ligg mellom barneskulen og ungdomsskulen, treng vedlikehold og opprusting.**

Bana vart bygd og teken i bruk i 1975 og i dei vel 40 åra som er gått sidan har det berre vore gjort mindre vedlikehold. Bana er nedsliten og treng vedlikehold, særleg gjeld det løpebana, men også kastringar og hoppfelt.

Heile grusbana vert nytta til trening, stemner og ulike andre aktivitetar mest kvar einaste veke heile året, med unnatak av ein kort periode vinterstid når forholda hindrar det. Idrettslaget brukar bana til trening og stemner for friidrett, men også til trening for ski og fotball. I tillegg brukar skolane bana i stor grad.

Friidrettsgruppa i Eikanger IL arrangerer fleire lokale stemner i løpet av året. Særleg for løpsøvingane tek fordolda no til å verta svært dårlege. Raudstubbdekket er svært nedslite på delar av bana, verst er det i svingen nærast idrettsbygget/gymnastikkslaen. Men bana er også ujamn fleire andre stader. Her må det koma på plass meir raudstubb til komande sesong i 2017 slik at det vert ei nokolunde jamn bane.

I år (2016) har det ikkje vorte sprøyt for ugras på løpebana, noko det er behov for særleg på ytterste delen av bana på langsida opp mot barneskulen og i det nordvestre hjørnet mot idrettsbygget/gymnastikksalen. Me ber om at dette vert følgd opp med sprøyting i 2017 så tidleg som nødvendig når grosesongen startar.



Nordre langsida mot barneskulen er den mest brukte delen av løpebana, då sprintfeltet er her. Gode vekstforhold her i 2016!

Raudstubbdekket som bana har hatt sidan den var ny i 1975, har gjort dette til ein svært god løpsarena både for sprint og lengre løp. Det kan bana verta i mange år enno når nødvendig vedlikehald med påfyll av raudstubb vert gjort.

Ved kontakt med leverandør har me fått opplyst at raudstubb for tida kostar 1250 kr pr. kbm u/mva. Truleg trengst det 60-80 kubikkmeter raudstubb for å få bana opp på akseptabelt nivå.

Også kastringar og hoppegrop treng vedlikehald, m.a. med støyping av nye kastringar. Noko av dette kan me truleg få gjort på dugnad.

Taket på utstursbygget på bana treng vedlikehald på den delen som vender opp mot barneskulen. I denne delen av taket er det fleire hol etter steinkasting.

Etter kommunestyret sitt nylege vedtak av idrettsplan er det klart at det vil gå mange år før det vert ei større opprusting av denne bana på Ostereidet. For at bana skal vera god nok til bruk i ein god del år framover, er det desto viktigare at det no vert utført nødvendig vedlikehald. Me ber om dette vert gjennomført tidleg i 2017 slik at bana kan vera i god stand det meste av komande sesong.

Ostereidet 24. november 2016

Venleg helsing

*Stanley Hauge*

Eikanger Idrettslag  
friidrettsgruppa  
Stanley Hauge

**Kontaktpersonar:**

Eikanger idrettslag

Bjørn J. Bjørsvik, Eidavegen 612, 5993 Ostereidet – tlf. 56 35 41 21, mob. 90 07 14 44

Stanley Hauge, Eidavegen 326, 5993 Ostereidet – tlf. 56 35 42 44, mob. 934 59 154

Kopi til:

Lindås idrettsråd

Foto frå bana:





Austre sving med den minste lengdegropa.



Langsida ned mot ungdomsskulen. Nedsigen om lag midt på. Drenering dårleg.



I vestre sving mot idrettsbygget manglar det mykje raudstubb.





Lengdegropa som er mest i bruk.



Nedsliten diskosring, der stoppkanten rundt vart brøyt vekk for ein del år sidan.





Steinkasting har påført taket på utstyrbygget diverse hol.